




# 2018

# Kvartalsrapport

# 1.kvartal





## Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av mars 2018 på 5.703,4 MNOK mot 5.232,0 MNOK på same tid i fjor. Dette er ein auke på 471,5 MNOK som tilsvarar 9,01%. Banken har pr. 31.3.18 eit volum på 1.430,0 MNOK i SpareBank 1 Boligkreditt AS. I tillegg har kundane våre eit volum på 155,3 MNOK i valutilån. Når ein reknar med dette, er forvaltningskapitalen på 7.288,2 MNOK. Dette er ein auke på 594,7 MNOK sidan 31.3.17. Dette tilsvarar 8,89%. Sidan nyttår er denne auken på 157,4 MNOK eller 2,21%.

## Innskot

Innskot frå kundar har dei siste 12 månadane auka med 423,1 MNOK som tilsvarar 11,42%. Sidan nyttår har vi hatt ein auke i innskot på 2,99%. Innskot frå kundar er nå 4.126,8 MNOK.

## Utlån

Utlåna har sidan mars 2017 hatt ein auke på 105,7 MNOK til 4.656,7 MNOK. Dette gjev ein vekst i utlåna på 2,32%. Volumet overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS har i same perioden auka med 11,48%. Vekst inklusiv boligkreditt og valutilån er da på 3,81%. Sidan nyttår viser utlånstala ein auke på 1,08% medrekna boligkreditt og valutilån.

## Driftsresultat

Resultat av ordinær drift før skatt og tap er ved utgangen av mars 2018 på 14,5 MNOK. På årsbasis utgjer resultatet 1,04% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. på same tid i fjor var det også 14,5 MNOK som da utgjorde 1,12% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Etter skatt og tap har vi eit resultat på 10,7 MNOK, som utgjer 0,77% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Ved utgangen av mars 2017 hadde vi eit resultat på 7,5 MNOK. Dette utgjorde 0,58% av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto rente- og provisjonsinntekter utgjer 24,7 MNOK. På årsbasis blir dette 1,77% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For tilsvarende periode i fjor utgjorde rente- og provisjonsinntektene 25,9 MNOK og 2,01%. Den største endringa her kjem frå auka rentekostnader som ein følgje av sterk innskotsvekst.

Utbytte utgjorde pr. 1. kvartal 1,9 MNOK, medan det på same tid i fjor var 0,9 MNOK.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester har gått opp med 1,8 MNOK til totalt 9,8 MNOK. Av dette er 3,4 MNOK provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt som er ein auke på 1,2 MNOK frå i fjor. Vi har ein auke på 0,3 MNOK i provisjonar både frå plasseringsområdet og frå SpareBank 1 Forsikring.

Pr. 1. kvartal 2018 hadde vi netto verdiendringar på verdipapira på 1,4 MNOK.

Lønn og generelle administrasjonskostnader har auka frå 16,4 MNOK i 1. kvartal 2017 til 17,4 MNOK i 1. kvartal 2018. Andre driftskostnader er på 4,5 MNOK, som er ein auke frå 3,4 MNOK i fjor.

Sum driftskostnader utgjer 1,64% rekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,60% på same tid i fjor. Driftskostnader i prosent av driftsinntekter (ekskl. verdiendringar på verdipapir) er på 63,41%. Dette er ein auke frå 60,29% på same tid i fjor.

Ved utgangen av mars har banken bokført tap på 1,0 MNOK. Nedskrivning på individuelle og grupper av utlån er ved utgangen av september 31,9 MNOK, og nedskrivning på garantiar er på 2,9 MNOK.

## Soliditet og kapitaldekning


Banken har ein god soliditet med ei kapitaldekning på 20,26%. Rein kjernekapital er på 18,80%. Frå og med 1. januar 2018 skal vi gjere ei forholdsmessig konsolidering for eigardelar i samarbeidende grupper. Etter dette har vi ei kapitaldekning på 19,02%, ei kjernekapitaldekning på 17,39% og ei rein kjernekapitaldekning på 17,05%. Vi viser elles til kapitaldekningsnota.

Opparbeidd overskot hittil i år er ikkje med i kapitaldekningsutrekninga.

Eigenkapitalen medrekna overskotet hittil i år er på 768,7 MNOK

## Likviditet og finansiering

Vi har ein stabil og god likviditet, og LCR ved utgangen av juni er på 158%. Banken har følgjande forfallsstruktur på obligasjonsgjelda:



\*ansvarleg lån

## Utsiktene framover

Konkurransen i bankmarknaden er tøff, og vi erfarer at rentenettoen har gått ned. I løpet av 1. kvartal 2018 har vi også hatt ein merkbar auke i Nibor. Dette vil også føre til auka rentekostnader etter kvart som obligasjonslåna blir repressa. Det blir framleis viktig for banken å ha god kontroll på kostnadsutviklinga. Konkurransesituasjonen reiser ein viktig strategidiskusjon i tida som kjem. Vi ynskjer å betjene både kundane i primærmarknadsområdet og fjernkundane på ein god måte, og vi må da finne den rette måten å skilje oss ut blant alle aktørane i marknaden.

Dei siste åra har vi hatt lite tap på utlån, og vi har dei siste åra hatt attendeføringar av gruppevisse avsetningar. Utviklinga i portefølje-samansetjinga vår ser framleis positiv ut, men ein kan sjølvsagt ikkje sjå bort i frå at ein kan få tap på enkeltengasjement.

Vi reknar med nok ein god sesong for reiselivsnæringa. Dette er veldig viktig for området vårt, og er sterkt medverkande til den låge arbeidsløysa vi opplever.

Rekneskapa er ikkje revidert.

<b>Grunnlag kapitaldekning</b>	<b>31.03.2018</b>	<b>31.03.2017</b>
Sparebankens fond	758.096	670.389
<b>Sum egenkapital</b>	<b>758.096</b>	<b>670.389</b>
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-129.068	-109.234
<b>Sum ren kjernekapital</b>	<b>629.028</b>	<b>561.155</b>
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>629.028</b>	<b>561.155</b>
Ansvarlig lån	50.000	50.000
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-1.131	-21.929
<b>Netto ansvarlig kapital</b>	<b>677.897</b>	<b>589.226</b>
Risikovekta beregningsgrunnlag		
Kreditt-, motparts- og forringelserisiko	3.065.469	2.994.751
Posisjons-, valuta-, og varerisiko	-	-
Operasjonell risiko	279.494	277.276
Svekket kredittverdighet hos motpart (CVA-risiko)	224	125
<b>Sum beregningsgrunnlag</b>	<b>3.345.187</b>	<b>3.272.152</b>
Ren kjernekapitaldekning	18,80 %	17,15 %
Kjernekapitaldekning	18,80 %	17,15 %
Kapitaldekning	20,26 %	18,01 %

<b>Forholdsmessig konsolidering</b>	<b>31.03.2018</b>
Ren kjernekapital	717.837
Kjernekapital	732.156
Ansvarlig kapital	801.182
Netto Beregningsgrunnlag	4.211.344
Ren kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	17,05 %
Kjernekapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	17,39 %
Kapitaldekning med forholdsmessig konsolidering	19,02 %

<b>Kapitalkrav</b>	<b>31.03.2018</b>
Minstekrav	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %
Systemrisikobuffer	3,00 %
Motsyklisk buffer	2,00 %
<b>Ren kjernekapitalkrav</b>	<b>12,00 %</b>
Kjernekapitalkrav	13,50 %
Kapitaldekningskrav	15,50 %
Pilar 2 kapitalkrav	2,50 %
<b>Ren kjernekapitalkrav</b>	<b>14,50 %</b>
<b>Kjernekapitalkrav</b>	<b>16,00 %</b>
<b>Kapitaldekningskrav</b>	<b>18,00 %</b>

Fra 31.12.17 er kravet til bevaringsbuffer 2,5 prosent, systemrisikobuffer 3,0 prosent og motsyklisk buffer 2,0 prosent. Finansforetak som omfattes av de nye reglene må fra 31.12.17 minst ha ren kjernekapitaldekning på 12,0 prosent, kjernekapitaldekning på 13,5 prosent og kapitaldekning på 15,5 prosent for å dekke minste- og bufferkravene.

Finanstilsynet har pålagt SpareBank 1 Lom og Skjåk å ha kapital utover minstekrav og bufferkrav (Pilar 2) tilsvarende 2,5% av beregningsgrunnlaget som risikoer som foretaket er utsatt for og som ikke, eller bare delvis, er dekket i minstekravet i Pilar 1. Pilar 2-kravet skal dekkes av ren kjernekapital

Sparebank1 Lom og Skjåk benytter standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Forholdsmessig konsolidering skal gjøres ved eierandeler i foretak i samarbeidende grupper. Konsolideringsreglene for samarbeidende grupper gjeldende fra 1. januar 2017 for foretak som har eierandel på 10 prosent og opp til 20 prosent, og fra 1. januar 2018 for eierandeler under 10 prosent. Sparebank1 Lom og Skjåk foretar forholdsmessig konsolidering fra og med 1. januar 2018 for eierandeler i SB1 Boligkreditt AS, SB1 Næringskreditt AS, SB1 Kredittkort AS, SB1 Finans Midt Norge AS og

## TAP OG TAPSAVSETNINGER

<i>Tusen kroner</i>	<b>31.03.2018</b>	<b>31.12.2017</b>
Nedskrivninger på individuelle utlån	12.146	12.751
Nedskrivninger på grupper av utlån	19.747	18.130
Nedskrivning på garantier	2.893	2.968
<b>Sum nedskrivninger</b>	<b>34.786</b>	<b>33.849</b>
Endring i nedskrivninger på individuelle utlån og garantier i perioden	-575	1.644
+Endring i nedskrivninger på grupper av utlån i perioden	1.617	-454
+Amortisert tap	27	579
+Konst.tap som det tidligere år er avsatt nedskrivning på individuelle utlån for	0	5.000
+Konst.tap som det tidligere år ikke er avsatt nedskrivning på individuelle utlån for	59	740
Inngang på tidlegare konstaterte tap i perioden	-130	-3.082
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>998</b>	<b>4.427</b>

## MISLIGHOLDTE LÅN OG GARANTIER

Millioner kroner

	<b>31.03.2018</b>	<b>31.03.2017</b>	<b>31.12.2017</b>
Sum misligholdte engasjement (før nedskrivning på individuelle utlån)	17,7	13,7	23,9
<b>Netto misligholdte engasjement (etter nedskrivning på individuelle utlån)</b>	<b>12,3</b>	<b>9,2</b>	<b>6,3</b>
Øvrige tapsutsatte engasjement (før nedskrivning på individuelle utlån)	29,3	42,5	40,0
<b>Netto tapsutsatte engasjement (etter nedskrivning på individuelle utlån)</b>	<b>19,7</b>	<b>28,6</b>	<b>9,4</b>